

858 meter opp!

16.06.2012



I morgon går Solfjelløpet og for dei som er nye deltakarar kan det vera nyttig med litt informasjon om traseen. Difor presenterar vi den her og minnar om at trimklassa startar klokka 10 og konkurranseklassa 12. Klokka 12 kan ein også starta frå Storhaug som er halvvegs.

**Her er nokre fleire fakta:**

- \* Løypa er 4,8 kilometer og har ein høgdeskilnad på 858 meter.
- \* Den startar på 34 meter over havet og går i mål på 892 meter
- \* Starten er i Hauglandkrysset og først er det 200 meter asfaltveg før overgang til skogaveg avløyst av snarveg gjennom granskog.
- \* Så er det skogaveg att og bratt stigning med 4-5 lange svingar opp mot saftstasjonen på Storhaug.
- \* Deretter er det heller flatt innover fjellet før siste, bratte stigning opp på Storfjelltoppen
- \* Med det same vi er inne på fakta tek vi også med rekordane:

Margun Eik 52,54  
Vegard Årthun Bergane 42,40

Klikk på traseen så blir den tydlegare'

Tekst: Ola Matti Mathisen